

U 140-10 Saksframlegg: evaluering av SIVA

Behandling i fylkesutvalet - 22.11.2010

Jon Aasen (AP) fremma følgjande forslag:

Pkt 3 i framlegget går ut.

Votering

Samrøystes som forslag til vedtak frå Jon Aasen.

Dei andre punkta blei samrøystes vedtekne.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 22.11.2010

1. SIVA har hatt programfokus, gjerne med eit 5 – års perspektiv på programma. Programperspektivet er for kortsiktig og bør vike for meir langsiktige satsingar.
2. For å ha ei god innovasjonsrettleiing har det vist deg nødvendig med offentleg finansiering. Innovasjonsrettleiinga må derfor sikrast offentleg finansiering i framtida. SIVA må ta ansvaret for ESA godkjenning av all offentleg finansiering som SIVA sine satsingar er basert på.
3. SIVA må ha eit meir forpliktande samarbeid med fylkeskommunane og dei regionale partnarskapa for verdiskaping.
4. SIVA sine satsingar i Møre og Romsdal må sikrast vidare drift og stabile rammevilkår.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
24.08.2010	40779/2010	Anne Marte Ostad

Saksnr Utval
 Fylkesutvalet

Møtedato
22.11.2010

Saksframlegg: evaluering av SIVA) - Høyring

Bakgrunn

Nærings- og handelsdepartementet har fått gjennomført ei evaluering av Selskapet for industrivekst SF (SIVA). Evalueringa har tatt for seg perioden frå 2002 til og med 2008/2009. Oxford Research AS har gjennomført evalueringa, som har vore konsentrert om to hovudtema:

- 1) Effektevaluering knytt til om og korleis SIVA oppfyller formålet sitt
- 2) Vurdering av korleis SIVA si verksemd bør innrettast i framtida

Nærings- og handelsdepartementet har bedt om kommentarar til dei anbefalingane og konklusjonane som kjem fram i evalueringa. Dei ber spesielt om innspel knytt til prioriteringane mellom SIVA sine verksemdar, aktivitetar og programmar innan desse områda, og om desse er god nok for å nå målsettingane for selskapet. Departementet ynskjer og innspel på korleis samarbeidet og grenseflatene mellom SIVA og dei andre offentlege verkemiddelaktørane blir oppfatta og om arbeids- og rollefordeling mellom desse er god og konstruktiv sett i høve til næringslivet sine behov i kvar einskild region. Vidare ynskjer departementet innspel knytt til SIVA si grenseflate mot private aktørar, korleis SIVA oppfattast, og synspunkt på behovet for offentlig medverknad i desse verksemdene.

Til slutt ynskjer departementet innspel til korleis selskapet bør innrettast i framtida. Ein tek også imot innspel og kommentarar frå høringsinstansane på fritt grunnlag, relatert til evalueringsrapporten.

Om SIVA

Selskapet for industrivekst SF (SIVA) er ein nasjonal aktør som er eigd av Nærings- og handelsdepartementet, for etablering av eit regionbasert innovasjonsnettverk. Hovudkontoret ligg i Trondheim. SIVA har ca 40 tilsette.

SIVA er eit statleg foretak og ein del av det næringsretta virkemiddelapparatet. Dei andre hovudaktørane i det næringsretta offentlege virkemiddelapparatet er Innovasjon Noreg og Noregs forskningsråd.

Innovasjon Noreg og forskningsrådet tek utgangspunkt i enkelt bedrifter og enkelt prosjekt, finansierer, tilfører kompetanse og bygger nettverk mellom desse. SIVA forvaltar ikkje støttemidlar til einsskiltbedrifter, men har fokus på utvikling av både fysisk og organisatorisk infrastruktur. Siva skal altså legge til rette for nyskaping gjennom sitt arbeid med å etablere god infrastruktur.

I 2005 inngjekk SiVA, Innovasjon Noreg og Noregs forskningsråd ein omfattande samarbeidsavtale. Eit hovudfokus for avtalen var å sikre at dei 3 institusjonane samarbeider godt om dei oppgåvene som ligg i skjeringsfeltet mellom desse institusjonane sitt ansvar.

SIVA får statlege løyvingar både frå Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

SIVA står bak oppføring og utleige av næringsbygg og anna fysisk infrastruktur, SIVA er vidare engasjert i kunnskaps- og forskningsparker, næringshagar og inkubatorverksemd over hele landet. Sidan etableringa i 1968 har SIVA investert i om lag 100 innovasjonsselskap fordelt på over 70 stader. Blant desse finn vi 10 forskingsparker, 15 kunnskapsparker, 52 næringshagar, 15 industriinkubatorar og 12 Norwegian Centres of Expertise (NCE).

Då SIVA vart etablert i 1968 under dåverande Kommunal- og arbeidsdepartementet var det for å utvikle industrivekst i gitte område i distrikts-Noreg. Seinare er SIVA sitt mandat endra. Mandatet om at SIVA skulle avgrense verksemda til industriretta aktivitet og at aktiviteten skulle vere i distrikta vart tatt bort.

Noverande formålsparagraf fastsett 30. mai 2007 seier følgjande: *"SIVA skal bidra til innovasjon og næringsutvikling gjennom eiendomsvirksomhet og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljøer i alle deler av landet. SIVA har et særlig ansvar for å fremme vekstkraften i distriktene."*

SIVA sitt engasjement i Møre og Romsdal

1. *Industriinkubatorar*

Knudtson Senteret AS, Kristiansund: Senteret skal bidra til etablering og utvikling av vekstkraftige bedrifter med utgangspunkt i den eksisterande industriverksemda som petroleumsklynga i og omkring Kristiansund representerar. Knudtson Senteret er no ferdig med inkubatorprogrammet, dvs dei mottok ikkje lenger prosjektmidlar.

SIV Industriinkubator (Surnadal): Stifta i 2009. Inkubatoren skal bidra til etablering og utvikling av vekstkraftige bedrifter med utgangspunkt i offshore, energi, prosessindustri og logistikk. SIV mottok programmidlar frå SIVA, som har eigarandel og styreplass.

PIFF Sunndal AS: Stifta i 2009. Mottok programmidlar frå SIVA, som har eigarandel og styreplass. Inkubatoren skal bidra til etablering av nye bærekraftige arbeidsplassar i Sunndal kommune, som og kan vere med å redusere kommunen si avhenge til moderbedrifta Hydro. Eit av hovudmåla i "Sunndal 2013" er å skaffe 75 nye arbeidsplassar. Industriinkubatoren skal bidra med 25 av desse.

2. FOU-inkubatorar

Kunnskapsparken Ålesund og Molde Kunnskapspark

Kunnskapsparkane mottok programmidlar frå SIVA, som har eigarandel og styreplass.

3. Næringshagar

Bølgen i Kristiansund, Fjordhagen i Norddal, Sunndal Næringssselskap:Nesett Næringshage via Sunndal Næringssselskap.

Næringshagane mottok programmidlar frå SIVA, som har eigarandel og styreplass.

4. Samarbeidsprosjekt

Molde Kunnskapspark, Ålesund Kunnskapspark, Bølgen, Fjordhagen, Sunndal NS og Nesett NH. Desse miljøa mottok prosjektstøtte frå SIVA for ei forsterka satsing på kvinnelege etablerarar i Møre og Romsdal.

4. SiVA eigeendom

SIVA har eigarinteresser i 3 eigeendommar i Møre og Romsdal, desse er:

- Molde kunnskapspark, kontorbygg på 3400 kvm eigardel 34%
- Sunndal næringseigeendom eigardel 31%
- Næringsbygg på Mjølstadneset i Fosnavåg, produksjonsbygg på 4353 kvm, eigardel 49%.

SIVA har tidlegare vore engasjert i andre eigeendomsprosjekt i fylket som no er selt.

6. Aktivitet under etablering i Møre og Romsdal

Det er under etablering to industriinkubatorar på Sunnmøre. Desse skal lokaliserast i kommunane Haram og Ulstein.

Det er vidare i gang eit arbeid med å etablere ein "kulturnæringshage" i Volda. Dette med bakgrunn i det sterke kulturfaglege miljøet rundt høgskulen i Volda.

Evalueringa

Hovudkonklusjonen frå Oxford Research er at SIVA når måla sine på ein god måte, og jobbar godt innanfor dei rammevilkåra og føringane som er gitt for selskapet. Evaluatørane utdjupar dette med følgjande:

- Organisering og ressursbruk: Det verkar som SIVA driv rimeleg effektivt i bedriftsøkonomisk forstand.

- **Portefølje:** Evaluateatorane meiner at SIVA bør konsolidere sine aktivitetar på innovasjonssida, og konsentrere seg om å utvikle selskapa til å bli sterke bidragsytarar til nyskaping og innovasjon. Dvs. at selskapet, med dagens økonomiske rammer, ikkje bør påleggast nye oppgåver, og at selskapet sjølv ikkje bør initiere nye arbeidsområde.
- **SIVA i distrikta:** SIVA sine aktivitetar er omtrent likt fordelt mellom sentrale strøk og distrikta. Når 30 % av folket bur i distrikta betyr det at SIVA er overrepresentert i distrikta. Dette blir vurdert som å vere i tråd med hovudmålsettinga for SIVA, der det står at "SIVA har et særskilt ansvar for å bidra til å fremme vekstkrafta i distrikta."
- **Samarbeid med andre aktørar:** Storleiken på organisasjonen gjer det utfordrande for SIVA å vere til stades i dei regionale partnerskapa som fylkeskommunane har ansvar for. SIVA bør delta i disse partnerskapa i vesentleg større grad enn i dag, slik at ein sikrar at nye initiativ vert samordna med regionale mål og behov, og at regionale aktørar støtter initiativet frå starten av.
- SIVA har, gjennom si eigedomsforvaltning, mykje å seie når det gjeld å realisere fysisk infrastruktur på stader i landet der eigedomsmarknaden ikkje er sterk nok til at det går av seg sjølv. Denne delen av verksemda er ein viktig del av distriktspolitikken, som SIVA handterer godt i følgje dei som har evaluert.
- SIVA har dei siste 10 åra tatt del i etableringa av ei rekkje innovasjonsselskap, som ikkje er økonomisk bærekraftige. Dette må det gjerast noko med. SIVA bør justere sitt fokus frå å stadig starte opp nye innovasjonsselskap til å støtte dei etablerte bl.a. ved å utvikle driftsmodellar som gjer at selskap i større grad kan stå på egne bein. Synergi med eigedomsdrifta, eigarskap i bedriftene som utviklar seg i innovasjonsselskapa, avklaring av rolle i høve til den kommunale førstelinjetenesta for etablering er noko som kan diskutierast.

Evalueringa sine hovudkonklusjonar om SIVA i framtida

- SIVA bør bestå som ein sjølvstendig virkemiddelaktør med fokus på tilretteleggjande tiltak. Innan innovasjonsverksemda bør ikkje SIVA engasjere seg i aktivitet retta mot verksemdar og enkeltpersonar som ikkje er knytt til innovasjonsselskapa.
- Må avklare korleis SIVA skal evne å fyllerollen som nasjonal virkemiddelaktør. Organisasjonen må enten tilførast kapasitet eller så må forventningane dempast noko. SIVA må i større grad arbeide gjennom dei regionale partnerskapa, noko som også setter krav på kapasitetssida.
- SIVA har dei siste 10 åra tatt del i etableringa av ein rekkje innovasjonsselskap, som ikkje er økonomisk bærekraftige. Dette problemet må adresserast raskt. SIVA må justere sitt fokus frå å initiere nye innovasjonsselskap til å støtte de etablerte i sin utvikling bl.a. ved å utvikle driftsmodellar som gjer at selskapa i større grad kan stå på egne bein. Synergi mot eigedom, eigarskap i bedriftene som utviklar seg i innovasjonsselskapa, rollen i forhold til den kommunale førstelinjetenesta for etablering er element som kan trekkast inn i denne diskusjonen. SIVA har

ikkje ansvaret for dette aleine. Selskapet er mindretalsaksjonær i innovasjonsselskapa. SIVA har vært førstehjelper for innovasjonsselskapa og har ein viktig rolle som rådgivar for selskapa gjennom styremedlemsskap, annen rådgiving og nettverksaktivitetar.

- Det må i forlenginga av punktet ovanfor reist ein diskusjon om korleis inkubasjon skal finansierast i Noreg. Eit innovasjonsmiljø består av eigedom, samhandling mellom verksemdene og inkubasjon. Det bør kunne etablerast modeller slik at eigedom og samhandling står på egne bein, medan dette neppe er realistisk for inkubasjon. Erfaringar frå utlandet viser at dette er ei oppgåve som krev permanent offentleg finansiering. Evalueringa viser og at det er behov for offentlege midlar på permanent basis, og ikkje berre som ein serie program. Alternativet til offentlege midlar vil være ein monaleg strukturendring i floraen av innovasjonsselskap der berre nokon få vil kunne klare å behalde sitt primærfokus; vekst og utvikling i nyetablerte (helst kunnskapsbaserte) bedrifter. Mange av selskapa vil utvikle seg til meir tradisjonelle konsultentselskap som tar utviklingsoppdrag for offentlege og private kundar. Dersom det offentlege går inn med finansiering på meir permanent basis, er det i ein del regionar behov for ein strukturdiskusjon der antall og arbeidsfordeling mellom innovasjonsselskapa avklarast.

Vurdering

Når SIVA engasjerer seg føreset dei tilsvarande lokalt /regionalt engasjement. Det er difor svært viktig med eit nært samarbeid med lokale aktørar.

Innovasjonsselskapa og samarbeidet med SIVA er viktige for arbeidet med næringsutvikling i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen er også ei finansieringskjelde for innovasjonsselskapa i fylket. Etter fylkesrådmannen si vurdering har dette samarbeidet ikkje alltid vore tilfredsstillande.

Næringshagar og kunnskapsparkar spelar ei viktig rolle i arbeidet med hoppid.no, anten som hoppid.no-kontor i kommunen, eller som ei 2.-linje i nettverket. For å nå måla innan entreprenørskapssatsinga er det viktig for Møre og Romsdal fylkeskommune at dei innovasjonsselskapa som er starta opp kan halde fram og utviklast vidare med ei drift av god kvalitet. I kombinasjon med ei god kommunal førstelinjeteneste, som hoppid.no-kontora er, vil SIVA-selskapa verke utfyllande i målet vårt om å gje etablerarar og bedrifter i Møre og Romsdal landets beste tilbod. Ei stabil, forutsigbar finansieringsordning er avgjørande for å nå SIVA sine overordna mål. Dette er ei nødvendig forutsetning for aktørane i Møre og Romsdal, og ressursbruken går i for stor grad til administrasjon for å sikre framtidig drift.

SIVA bør ikkje satse på nye områder, men konsentrere seg om å styrke og vidareutvikle dei eksisterande satsingsområda.

Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderingane og tilrådingane som kjem fram i evalueringsrapporten. Dette samsvarer med erfaringane i fylket vårt. Det er grunn til å understreke behovet for godt samarbeid med fylkeskommunen og det regionale partnerskapet, slik at ein sikrar ein samla og koordinert innsats. Det er viktig at det blir gjort gode vurderingar før SIVA går inn i engasjement og det er svært viktig at SIVA brukar ressursar på å sikre god kvalitet i dei selskapa ein engasjerer seg i.

Forslag til vedtak

1. SIVA har hatt programfokus, gjerne med eit 5 – års perspektiv på programma. Programperspektivet er for kortsiktig og bør vike for meir langsiktige satsingar.
2. For å ha ei god innovasjonsrettleiing har det vist deg nødvendig med offentlig finansiering. Innovasjonsrettleiinga må derfor sikrast offentlig finansiering i framtida. SIVA må ta ansvaret for ESA godkjenning av all offentlig finansiering som SIVA sine satsingar er basert på.
3. Det må vurderast om vi i dag har ein så godt fungerande eigedomsmarknad at SIVA bør tone ned sin rolle som eigedomsutviklar.
4. SIVA må ha eit meir forpliktande samarbeid med fylkeskommunane og dei regionale partnerskapa for verdiskaping.
5. SIVA sine satsingar i Møre og Romsdal må sikrast vidare drift og stabile rammevilkår.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef